

28.10.2022

GJALLARHORN

Budstikke for Heimdal videregående skole

BIBLIOTEKET INFORMERER

Vi har ommøblert på biblioteket. Du finn både lesestol, sofa, godstolar og arbeidsplassar hos oss. Vi kan hjelpe deg med å finne bøker, filmer, materiell til læringsarbeidet og svar på spørsmål du måtte ha. (Det vi ikkje veit, finn vi ut av 😊.) Håper mange elevar og tilsette vil komme innom for å jobbe, slappe av og/eller slå av en prat.

Aviser og tidskrift


Visste du at vi abonnerer på avisa Klar Tale, Norges einaste lettlesne nyheitsavis? Kvar veke får vi 15 eksemplar. Du kan lese avisa på biblioteket. Lærarar kan låne med seg klassesett til gruppa si. Dessutan kan du lese *Illustrert vitenskap* og *Blikk* på biblioteket.

Vi har òg abonnement på *Adressa* og *Aftenposten*, *Nytt Norsk Tidskrift*, *Norsklæraren*, *Kjemi m.fl.*. Desse finn du på personalrommet.

Sjå gjerne i Skoleportalen for tilgjengelege digitale ressursar som PressReader (over 7000 aviser og tidskrift frå inn- og utland), A-tekst (norske aviser med digitaliserte utgåver tilbake (nesten) til «oldtida»). Der finn du òg info om BookBites, appen der du logger inn med Feide og så får tilgang til e-bøker og lydbøker.

Skal du i undervisninga vise film eller NRK-program, gratis og lovleg? Det er mange moglegheiter.

1. Skulen sitt videoarkiv som ligg på pc-en din:



Dersom du ynskjer at eit opptak frå NRKs nett-tv skal liggje her, kan du ta kontakt med IT og be om at dei legg dette inn.

Dessutan kan vi nå leggje video-filmar ut på fylket sin strøymeserver så elevar kan sjå filmene sjølve, også utanfor skulenettet. Meld i frå om det er videoar frå video-arkivet vårt («HEI Video (T)») de ynskjer å gjere tilgjengeleg for elevar, så lastar vi opp og lagar lenker de kan distribuere til elevane via f.eks. Canvas.

Dette fungerer også når ein er heime, men mykje tregare enn frå skulen sitt nett.

2. AV-sentralen i Kristiansand

Du registrerer deg som brukar med den fylkeskommunale e-postadressa di. Så kan du laste ned ca. 2600 program som MPEG-4-fil **til bruk i undervisninga**. Husk at nedlastinga tar litt tid og bør derfor gjeres før timen 😊.

3. Filmrommet.no

Her finn du spelefilmar, filmstudieark, artiklar og pedagogiske opplegg til bruk i undervisninga. Dette er eit abonnement skulen har. Brukarnamn og passord får du på biblioteket eller ved å sende e-post til bibliotek.heimdal@trondelagfylke.no. Hugs at det ikkje er lov å dele passord med elevar.

4. NRK Skole

NRK Skole er eit klipparkiv der ein finn både lydklipp og videoar frå NRKs arkiv og dei lagar egne program. Her kan ein søkje både etter tema, fag og trinn.

5. NDLA film

På NDLA film finn du spelefilmar, kortfilmar, dokumentarfilmar og TV-seriar.

Og om du framleis synst at det er best å bruke dvd, så har vi òg ein god del til utlån. Sjå katalogen på skulen si heimeside. Du innsnevrar søket ved å velje «DVD» i fanen «Materialtyper» til høyre i skjermbildet. Velkomen til skranken og i arealet på biblioteket.

Kom gjerne innom for ein prat eller send e-post til bibliotek.heimdal@trondelagfylke.no om du lurar på noko.

Velkommen 😊
Elin og Carola
Bibliotekpedagogene

